



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestnes kommune  
Brugata 10  
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-22/00007	23.06.2023	79689/2023/REGULERINGSPLAN/1535	Synnøve Valle, 71 28 02 39	31.07.2023

## **Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Sessneset og Daugstad gamle skule - BN10 -fråsegn ved avgrensa ettersyn**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### **INNLEIING**

Saka gjeld reguleringsplan for BN10 Sessneset for å legge til rette for utbygging og vidareutvikling av akvakulturanlegg på land. Vi er bedne om å trekke motsegnene som vi hadde i uttalen vår ved offentleg ettersyn 13.04.23.

### **MERKNADER TIL PLANFORSLAGET**

#### **Samferdsel**

Fylkeskommunen sine motsegn var knytt til manglende rekkefølgjekrav til stenging av avkøyrsle i busslomma, og at planen ikkje viser frisikt i tråd med krava i handbok N100. Motsegna var heimla i veglova § 1 a, N100 jf. veglova § 13 og plan- og bygningslova § 12-7.

Eit revidert planforslag er oversendt frå kommunen 23.06.2023.

Det er no stilt rekkefølgjekrav om at stenging/fjerning av eksisterande avkøyrsle skal skje samstundes med ferdigstilling av ny, jf. forslag til planføresegner, pkt. 2.3.

Det reviderte plankartet har også justert frisikt i tråd med krava i handbok N100.

Med bakgrunn i desse endringane kan fylkeskommunen trekke dei to motsegnene som vi hadde ved offentleg ettersyn.

**Kulturminne frå nyare tid**

Våre krav som gjaldt sagbruk inklusiv tilhøyrande anlegg er lagt inn i planen i rekkefølgekrav i føresegnehene, og vi har ikkje ytterlegare merknader i saka.

**KONKLUSJON**

Vi viser til vurderingane over. Vi trekker motsegnene som vi hadde til offentleg ettersyn.  
Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm (e.f.)  
fylkesplansjef

Synnøve Valle  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Mona Skram Rustad, tlf. 71 28 05 17  
Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
NVE